



MØTEPROTOKOLL

Utval: **Kontrollutvalet i Hareid kommune**
Møtestad: **Hareid rådhus - Formannskapsrom**
Dato: **19.09.2019**
Møte tok til **Kl. 08:30**
Møte slutta **Kl. 11:20**

Medlemene har vorte varsla skriftleg via e-post. Saksdokumenta har vore utlagde til ålment ettersyn på heimesida til Vest kontroll – Sekretariat for kontrollutval.

Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon
Berte Holstad Engen	Leiar
Kjartan Grimstad	Nestleiar
Greta Nelly Kirkebø	Medlem
Terje Dalsøren	Medlem

Faste medlemar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
Inga Ishild Hareide	Nestleiar

Varamedlemar som møtte:

Namn	Møtte for
------	-----------

Vest kontroll - sekretariat:

Namn	Funksjon
Jostein Støylen	Dagleg leiar

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS:

Namn	Funksjon
Alf Marius Grønnevik	Forvaltningsrevisor

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ragnhild Veslvik Berge	Rådmann. I sak 25, 26
Eivind Longva	Endringsagent/kommunalsjef Eivind Longva.. I sak 25, 26
Kariann Bigseth	Assisterande rådmann. I sak 26, 21, 28, 19, 27,
Christina Steffensen	Einingsleiar sektor for kommunalteknisk drift. I sak 21 og 28
Kai-Rune Bjørke	Kommunalsjef sak 21 og 28



SAKLISTE

- SAK 17/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL
- SAK 18/19 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE
- SAK 19/19 MELDINGAR
- SAK 20/19 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2019
- SAK 21/19 SNØRYDDING OG BRØYTETENESTE – KOFA SI AVGJER
- SAK 22/19 BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET
- SAK 23/19 EVALUERING AV KONTROLLUTVALET
- SAK 24/19 ÅRSRAPPORT 2018 FOR SSR – SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK
- SAK 25/19 VIDARE OPPFØLGING AV FORVALTNINGSPROSJEKTET - TIDLEG
INNSATS
- SAK 26/19 ADMINISTRATIVE TILHØVE
- SAK 27/19 TILSYN MED KOMMUNAL BEREDSKAPSPLIKT I HAREID KOMMUNE
- SAK 28/19 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSPROSJEKTET – VATN OG AVLØP
- SAK 29/19 KOMMUNALT TILSYN – BEMANNINGSNORM I BARNEHAGEN



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
17/19	033	20.06.2019	19.09.2019	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL**Samrøystes vedtak**

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Behandling i slik rekkefølge: 17, 18, 25, 26, 21,28, 27, 19, 20, 22, 23, 24, 29
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Kjartan Grimstad.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
18/19	049	20.06.2019	19.09.2019	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE**Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 29.05.2019.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 29.05.2019.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
19/19	033&17	10.09.2019	19.09.2019	KS

MELDINGAR**Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Vedlegg

1. Forskrift om kontrollutval og revisjon, av 17.06.2019.
2. Kommunerevisoren nr.4 2019 «Endringer av selskapsavtaler for interkommunale selskaper».

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
20/19	033&58	04.09.2019	19.09.2019	KS

GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2019**Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknader til gjennomgådde møteprotokollar.

**Saksopplysning**

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Hareid kommune si heimeside - <https://innsyn.ssikt.no/hareid/Dmb/>

Møteprotokollar til gjennomgang (feit skrifttype):

Eldrerådet	13.02	05.06	04.09	
Forhandlingsutvalet		19.08		
Formannskapet	06.05	23.05	11.06	
Kommunal byggenemnd	07.05	04.06	02.07	
Kommunal namnenemnd	06.02			
Kommunestyret	11.04	23.05	19.06	
Kontrollutvalet				
Levekårs utvalet	24.04	05.06	28.08	
Nærings- og miljøutvalet	23.04	05.06	27.08	
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	15.05	22.05	05.06	24.06 04.09
Valstyret	08.04	20.05	11.06	

SSR Representantskap
SSR Styret

Vert sendt til leiar i kontrollutvalet
Vert sendt til leiar i kontrollutvalet

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
21/19	033	11.09.2019	19.09.2019	KS/JS

SNØRYDDING OG BRØYTETENESTE – KOFA SI AVGJER**Samrøystes vedtak**

- Kontrollutvalet viser til KOFA si konklusjon der Hareid kommune har brote forskrifta § 9-6 (2) ved å tildele både rode 3 og 5 til Olebuda, jamfør vedlegg 5.
Kontrollutvalet er kritiske til kommunen si handtering av anbudsprosessen.
- Kontrollutvalet tek elles orienteringa til vitande.

Vedlegg

- Dokument «Oversendelse av klage på offentlig anskaffelse», av 26.01.2018.
- E-post, ref 19.02.2018
- Dokument «Svar på oversendelse av klage på offentlig anskaffing», av 29.01.2018
- E-post, «dokument 2018/0019-6 Klagenemndas avgjørelse sendt frå Klagenemndssekretariatet, av 31.05.2019
- Dokument «Klagenemndas avgjørsle 31.05.2019 i sak 2018/19
- E-post,» Sak 2018/19-2 svar på oversending av klage på offentlig anskaffing» av 16.08.2019
- E-post, «Spørsmål til innklagede i Kofa sak 2018/19 av 16.08.2019
- Del 1 av vognkortet
- Vognkort
- Del 1 av vognkortet
- E-post, «Spørsmål til innklagede i Kofa sak 2018/19 av 16.08.2019
- Vognkort



13. E-post, «Spørsmål til innklagede i Kofa sak 2018/19», av 16.08.2019
14. Dokument, «svar på spørsmål frå Kofa».
15. E-post «Spørsmål til innklagede i Kofa sak 2018/19», av 16.08.2019
16. Dokument «Forsikringsoversikt».
17. E-post «Kofa – Brøyting, av 14.08.2019

Saksopplysningar

Kommunen (innklaga) gjennomførte ein open tilbodskonkurranse for anskaffing av snørydding og brøytetenester. Anskaffinga var delt inn i roder og det kunne gis inn tilbod på ein eller fleire roder. Valte leverandør hadde gitt eit samla tilbod for to av rodene.

Klager meinte at kommunen (innklaga) ikkje hadde høve til å avklare prisen på kvar av dei rodene med valte leverandør. Denne klagen førte ikkje fram.

Vidare meinte klager at valte leverandør ikkje kunne tildeles kontrakt for to av rodene når valte leverandør berre hadde tilbode ein maskin som oppfylte de krava som konkurransegrunnlaget stilte. *Klagenemnda gav klager medhald i dette.*

Klager hadde også merknad knytt til uklart konkurransegrunnlag og inhabilitet. Disse merknadane førte ikkje fram.

Jamfør, Klagenemndas avgjørsle 31.05.2019 i sak 2018/19. sjå vedlegg 5.

I det opprinnelige tilbodet hadde Olebuda oppgitt at selskapet ville nytte ein traktor og ein hjullaster om kvarandre til å utføre oppdraget i rode 3 og 5. Nemnda kan i utgangspunktet ikkje sjå at konkurransegrunnlaget stenger for ein slik løysing, men konkurransegrunnlaget krevde at begge maskinar kva for seg tilfredstillar krava som stilt som «ressurs». *Jamfør avsnitt (39) i Klagenemndas avgjørsle 31.05.2019 i sak 2018/19. Sjå vedlegg 5*

Endringa frå ein traktor og ein hjullastar til to traktorer styrker oppfatninga av at det opprinnelige tilbodet hjullastaren ikkje alene oppfylte dei krav som konkurransegrunnlaget stilte til «ressurs». Tilbodet til valte leverandør tilfredstilte difor ikkje kravet om ein ressurs per rode. *Jamfør avsnitt (42) i Klagenemndas avgjørsle 31.05.2019 i sak 2018/19. Sjå vedlegg 5*

Klagenemnda kom fram til at kommunen (innklaga) har brote forskrifta § 9-6 (2) ved å tildele både rode 3 og 5 til Olebuda. Denne feilen kan ha hatt betydning for resultatet av konkurransen. *Jamfør avsnitt (43) i Klagenemndas avgjørsle 31.05.2019 i sak 2018/19. Sjå vedlegg 5.*

I møtet

Ass. Rådmann Kariann Bigseth, einingsleiar kommunalteknisk drift Christina Steffensen og kommunalsjef Kai-Rune Bjørke møtte, orienterte og svara på spørsmål.

Konklusjonen til KOFA er rådgivande.

Kommunen har kontakt med KS advokatane for vidare råd/anbefalingar for vidare saksgong/saksbehandling i saka.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
22/19	151	04.09.2019	19.09.2019	JS/KS

BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet ber kommunestyret løyve minst kr. 50.000,- til fri disposisjon for kontrollutvalet i budsjett for 2020. Leiar og møtegodtgjersle kjem i tillegg.



Vedlegg

Ingen.

Saksopplysninger

Budsjett for Vest kontroll – sekretariat for kontrollutval vert vedteke av styret for selskapet (samarbeidet). Dette budsjettvedtaket legg rådmannen inn i kommunebudsjettet.

Sekretariatet er det utøvande lekk for kontrollutvalet.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet skriv mellom anna dette i Kontrollutvalsboka (2016):

«Det er avgjerande for godt kontrollarbeid at kontrollutvalsmedlemer blir sette i stand til å utøve vervet sitt på ein god måte: Kommunestyret bør sørge for at det er tilstrekkeleg budsjett til at kontrollutvalsmedlemmene kan delta på kurs og konferanser.»

«Kommunestyret er ansvarleg for at kontrollutvalsmedlemmene og varamedlemmene får tilstrekkeleg opplæring i sine kontroll- og tilsynsoppgåver.»

«Kontrollutvalet bør sørge for at medlemmene (både faste og vara) får tilstrekkeleg opplæring. Det vil vere nyttig at utvalet held seg orientert om arrangement i regi av bransjeorganisasjonar og foreningar, og sjølv tek initiativ til kurs medlemmene har trong for»

I tillegg til den grunnleggjande opplæringa er det viktig at kontrollutvalet held seg oppdaterte. Dette er ein kontinuerlig prosess som det må løyvast midlar til.

For å gi kontrollutvalet gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille naudsynte ressursar til disposisjon. (Kontrollutvalsboka 2016:16) Difor må kontrollutvalet ha sitt eige budsjett som mellom anna skal dekkje opplæring, kurs/konferansar, litteratur m.m.

Dette gjer at kontrollutvalet må be kommunestyret om budsjett i 2020 pålydande minst kr. 50.000,-.

Større særskilde tiltak/saker slik som gransking og større forvaltningsrevisjonar er halde utan om dette budsjettet. Her gjeld hovudregelen om at kontrollutvalet i førekant søkjer kommunestyret for å få løyvd nødvendige midlar.

Budsjettframlegget til kontrollutvalet kan berre endrast av kommunestyret.

«Grunnen til at budsjettet til kontrollutvalet er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere. Det er uheldig om administrasjonen eller eit organ som kontrollutvalet skal kontrollere og ha tilsyn med, til dømes formannskapet eller administrasjonsutvalet, får innverknad på budsjettamma til tilsynsorganet. (Kontrollutvalsboka 2016:16)

Budsjettframlegget til kontrollutvalet skal uendra følgje det samla budsjettframlegget til kommunestyret, slik at kommunestyret ved budsjetthandsaminga har informasjon om både kontrollutvalet sitt framlegg og formannskapet si innstilling til budsjett.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
23/19	033	04.09.2019	19.09.2019	KS

EVALUERING AV KONTROLLUTVALET

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at det blir gitt tilbakemelding til kontrollutvalssekretariatet innan 26.09.2019.



2. Kontrollutvalet vonar evalueringa vil bidra til ei god tilrettelegging for kontrollutvalet i kommande valperiode.

Vedlegg

1. Skjema for evaluering av kontrollutvalet
2. Side 77-80 frå kontrollutvalsboka

Saksopplysningar

Ei av dei viktigaste oppgåvene til kontrollutvalet er å være ein pådrivar for læring og utvikling i kommunen vår, det kan difor være nyttig for kontrollutvalet å evaluere eget arbeid.

Kontrollutvalsperioden går mot slutten og det er viktig å leggje til rette for erfaringsoverføring til neste kontrollutval.

Kapittel 11 i kontrollutvalsboka omhandlar «Oppfølging og evaluering» av kontrollutvalet, sekretariat og revisjonen sitt arbeid. No er snart valperioden 2016-2019 ferdig og det kan, etter sekretariatet si meining vere bra at det vert gjennomført ei evaluering av det arbeidet kontrollutvalet har gjort i denne valperioden.

Skjema ligg ved. Ordførar og rådmann er også invitert til å vera med i ei slik evaluering.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
24/19	026	02.09.2019	19.09.2019	KS

ÅRSRAPPORT 2018 FOR SSR – SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK**Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek årsrapport 2018 for SSR – Søre Sunnmøre reinhaldsverk til vitende.

Vedlegg

Årsrapport 2018 med rekneskap og revisjonsberetning.

Saksopplysningar

Kontrollutvalet skal i samsvar med Kommunelova § 77,5 og Forskrift om kontrollutval § 13 sjå til at det vert ført kontroll med kommunens interesse i selskap. Vi legg difor fram årsmelding. Viser til vedlegg for utfyllande informasjon.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
25/19	217	10.09.2019	19.09.2019	KS/JS

VIDARE OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKTET TIDLEG INNSATS**Samrøystes vedtak**

1. Kontrollutvalet tek tilbakemeldinga vedkomande forvaltningsrevisjonsprosjektet - Tidleg innsats til vitende.

Vedlegg

1. Kontrollutvalssak 06/19
2. E-post frå Eivind Longva | endringsagent/kommunalsjef, av 16.08.2019
3. E-post frå Eivind Longva | endringsagent/kommunalsjef, av 10.09.2019



Saksopplysningar

Kontrollutvalet hadde oppe sak om oppfølginga i sak 06/19. Og der var det gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek tilbakemeldinga vedkomande forvaltningsrevisjonsprosjektet -Tidleg innsats til vitende.
2. Kontrollutvalet ber om ny tilbakemelding på status på gjennomføring av anbefalingane innan 31.08.2019.
3. Kontrollutvalet ber om skriftleg oversikt over:
 - Kor mange som stod på venteliste i høve PPT før forvaltningsrevisjonsrapporten vart behandla i kommunestyret.
 - Tal på saker som fortsatt ikkje er lukka og om årsaka til dei enkelte er venting på eksterne instansar eller om det er interne årsaker.
 - Kor mange saker er ferdig behandla.

Rådmann v/Eivind Longva gir slik tilbakemelding på punkt 3:

E-post av 16.08.2019

- Når revisjonen vart utført hadde PPT 105 opne saker og 3 saker på vent.
- I august 2018 hadde PPT 110 opne saker.

Vidare får vi slik tilbakemelding på status på gjennomføringane på anbefalingane:

E-post 10.09.2019

- Punkt 1 og 2 må de kalle inn PPT for å svare på! Ber om at de kallar inn leiar PPT til neste møte.
- Plan for nedsett funksjonsevne er ferdig, og blir sendt i løpet av dagen.
- Skulen fangar opp born som ikkje går i barnehage i innskrivinga i januar det året barnet skal starte på skule. Born har rett til spesialpedagogisk hjelp, og føresette rettleiing, sjølv om barnet ikkje går i barnehage (jf barnehagelova). Dette blir meldt til PPT av føresette eller gjennom helsestasjon/ lege.
- Punkt 5 Overgang barnehage/ skule involvering av kontaktlærer – legg ved plan
- Kommunen må sikre rutinar knytt til hospitering mellom barnehage og skule vert gjennomført og prioritert – legg ved plan
- Kommunen må vurdere om samtykkeskjema bør innehalde meir detaljar om kva informasjon som vert overført – sjå vedlagt skjema
- Kommunen må setje i verk tiltak for å oppfylle krava i rettleiar m.h.t. leksehjelp (administrasjonen har opplyst om at ein no har endra praksis) – dette er fortsatt organisert slik at vi er innafor krava

Kommunestyret vedtok i PS 30/18:

- Hareid kommune har lange ventelister i høve tilvising til PPT. Det er viktig at det nye PPT raskt kjem i gong med handsaming av enkeltsaker.
- PPT må i større grad gjennomføre systemretta og førebyggjande arbeid ute i skulane, og i tillegg bidra med kompetanse- og organisasjonsutvikling.
- Kommunen har ein eldre felles prosedyre/rutineperm for born med nedsett funksjonsevne. Denne må reviderast/oppdaterast både m.h.t. lovheimel, organisering/ansvar og innhald.
- Overgangsplanen må innehalde meir informasjon om korleis born som ikkje går i barnehage skal fangast opp og kven som er ansvarleg for dette arbeidet.
- Kommunen må i større grad enn tidlegare involvere komande kontaktlærer i overgangsarbeid/overgangsaktivitetar mellom barnehage og skule.
- Kommunen må sikre at rutinar knytt til hospitering mellom barnehage og skule vert gjennomført og prioritert.



- Kommunen må vurdere om samtykkeskjema bør innehalde meir detaljar om kva informasjon som vert overført.
- Kommunen må setje i verk tiltak for å oppfylle krava i rettleiar m.h.t. leksehjelp (administrasjonen har opplyst om at ein no har endra praksis).

Det er rådmannen (kommunalsjefen) si oppgåve å kalle inn leiaren for PPT, i den grad dei meiner det er nødvendig for å svare på kontrollutvalet sine spørsmål.

Opplysning

Det er no klargjort at det er vertskommunane som har ansvaret for tenesta, når det er organisert som vertskommune. Dette innebære at det er Ulstein kommune sitt kontrollutval som i framtida må bestille forvaltningsrevisjon og/eller stille andre spørsmål ovanfor PPT- tenesta.

Hendendingar eller spørsmål som Hareid kontrollutval har til tenesta må gå vegen om Ulstein kontrollutval.

I møtet

Rådmann Ragnhild Veslvik Berge og endringsagent/kommunalsjef Eivind Longva møtte. Dei orienterte og svarta på spørsmål.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
26/19	033	19.08.2019	19.09.2019	KS

ADMINISTRATIVE TILHØVE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

Vedlegg

Saksopplysningar

Rådmann, assisterande rådmann og økonomisjef møter for samtale/orientering om flg:

- Rekneskapsavslutning
- Møteprotokollar
- Tilbakemelding frå kommunen til revisjon og sekretariat/kontrollutvalet
- Generelt om kulturen på Rådhuset/kommunen
- Andre tilhøve som kan vere aktuelt – kom gjerne med innspel

I møtet

Rådmann Ragnhild Veslvik Berge, ass. Rådmann Kariann Bigseth og endringsagent/kommunalsjef Eivind Longva møtte. Dei orienterte og svarta på spørsmål.

Rekneskapsavslutning

Må skaffe nok ressursar og trengst betre planlegging for å få rekneskapsavslutninga til rett tid. Inviter revisor i planlegginga for å levere rekneskap til rett tid.

Vatn- og avløp

Økonomiavdelinga bør involverast meir i prosjekt som går på sjølvkost vatn og avløp.

Møteprotokollar

Møteprotokollane må blir meir opplysende. Viser til tidlegare samtalar om dette.

Oppfølgingsliste for saker opplyser rådmannen står i oppfølgingslistene.

Tilbakemelding frå kommunen til revisjon og sekretariat/kontrollutval

Ber om at svar vert gitt straks og innan fastsett frist både til revisjonen og sekretariatet/kontrollutvalet.

Generelt om kulturen på Rådhuset/kommunen

Døme vart nemnt. Bør vere meir imøtekomande.

Her er forbetningspotensiale.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
27/19	099	19.08.2019	19.09.2019	KS

TILSYN MED KOMMUNAL BEREDSKAPSPLIKT I HAREID KOMMUNE**Samrøystes vedtak**

1. Kontrollutvalet tek tilsynsrapport av 13.07.2018 vedkomande Kommunalt beredskapslikt til vitende.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om tilbakemelding med dokumentasjon (korrespondansen med Fylkesmannen) på korleis avvika er lukka.

Vedlegg

1. Fylkesmannen – Rapport etter tilsyn – Kommunal beredskapsplikt. Datert 13.07.2018
2. Forskrift om kommunal beredskapsplikt

Saksopplysning

Fylkesmannen utførte tilsyn med Hareid kommune 31.05.2018. Føremålet med tilsynet er å sjå til om Hareid kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt

Tilsynet avdekte to avvik. To forhold er kommenterte som merknader.

Avvik nr. 1

Hareid kommune sin heilskaplege ROS-analyse oppfyller ikkje alle forskriftskrava til innhald.

ROS – analysen manglar ei vurdering av kommunen si evne til å oppretthalde si verksemd etter at uønska hending har skjedd.

Avvik nr. 2

Hareid kommune har ikkje med utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen fastsatt langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleik – og beredskapsarbeid.

Hareid kommune manglar overordna forankring av arbeidet med samfunns-tryggleik og beredskap. Mål, strategiar og plan er ikkje fastsett, verken i samband med utarbeiding av heilskapleg ROS- analyse eller i andre strategiske planar.

Merknad nr. 1

Kommunen bør:

- Beskrive/dokumentere betre prosedyre med korleis relevante offentlege og private aktørar har att del i arbeidet med heilskapleg ROS-analyse.
- Utarbeide ein handlingsplan for oppfølging av funna i ROS-analysen, som beskriv korleis kommunen (og/eller andre etatar) vil arbeide for å redusere risiko; anten med



førebyggjande tiltak for å redusere sannsynet for hendingar, eller med beredskapstiltak for å redusere konsekvensane va hendingar. På bakgrunn av ein slik handlingsplan til ROS-analysen, kan kommunen forankre langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i overordna planer i kommunen (kommuneplanenens samfunnsdel, arealdel, økonomiplan).

Merknad nr. 2

Kommunen bør vurdere å vidareutvikle overordna beredskapsplan til å fungere som eit styringsdokument / ei operativ overbygning, oversikt og ramme for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Dette kan fungere som eit bindeledd mellom strategiske planar og ROS-analysar, beredskapsplanverk og aktivitet, og kan styrke fleire forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men der kommunen har forbettringspotensial – for eksempel:

- Kva system/plan kommunen har for opplæring av ansvarlege i kommunens kriseorganisasjon
- Tydelegare oversikt over kommunen sitt samla beredskapsplanverk
- Tydelegare rutinar for faste møter i kriseleiinga
- Tydelegare rutinar for gjennomføring av opplæring og øvingar
- Tydelegare rutinar for evaluering – både av øvingar og reelle hendingar

- Varslingslister og ressursoversiktar kan med fordel flyttast til CIM

I møtet

Ass. rådmann Kariann Bigseth møtte.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
28/19	217	04.09.2019	19.09.2019	KS

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – VATN OG AVLØP – OPPFØLGING**Samrøystes vedtak**

1. Kontrollutvalet tek tilbakemelding vedkomande forvaltningsrevisjonsprosjektet – vatn og avløp til vitende, og ser på oppfølginga som avslutta.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen sørge for at feil som er avdekkja vert retta i rekneskapen for 2019 og rapportere tilbake til kontrollutvalet i god tid, **seinast 15.02.2020**.

Vedlegg

1. Samandrag i rapporten – Sjølvkost vatn og avløp, av 01.08.2018

Saksopplysning

Etter forskrift om kontrollutval §12, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at kommunestyret sine vedtak knytt til forvaltningsrevisjonsrapportar vert følgde opp.

Vedtak for prosjektet

Kontrollutvalet i Hareid kommune gjorde i sak 06/17 vedtak om å få gjennomført eit forvaltningsprosjekt knytt til sjølvkost innan vatn og avløp. Målsettinga med prosjektet var å vurdere om Hareid kommune følgjer lov, forskrift og retningslinjer for sjølvkost innanfor vatn og avløp.

**Saksbehandling forvaltningsrevisjonsrapport**

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS utarbeidde forvaltningsrevisjonsrapport – Sjølvkost vatn og avløp – Hareid kommune, datert 01.08.2018. Denne var handsama i kontrollutvalssak 45/18, og vidare i kommunestyret 13.12.2018 i sak 71/18 der det vart gjort følgjande vedtak:

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet – Sjølvkost vatn og avløp, Hareid kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 01.08.2018).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:

Kommunen må dokumentere vurderingane som ligg til grunn for fordelingsnøkklane til tilsette med fordelt løn mot sjølvkostområdet.

- Kommunen må gå gjennom anleggsregisteret i Momentum slik at dette samsvarar med kommunen sin rekneskap og anleggsregister.
 - Kommunen må synleggjere/utarbeide fordelingsnøkkel til alle dei indirekte kostnadane og spesielt knytt til vedlikehald som blir belasta sjølvkost.
 - Kommunen må vurdere om alle kostnadar som kan definerast som indirekte kostnader er belasta sjølvkostområda.
 - Kommunen må renteberekne sjølvkostfonda i samsvar med rettleiar.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan 01.03.2019.

Tilbakemelding frå rådmannen, av 21.08.2019

I samband med gjennomføringa av kommunestyrevedtak av 19.6.2014 om budsjettendring, vart det oppdaga ein feil knytta til auka inntekt for sjølvkostområda.

Ved denne gjennomgangen viste det seg også at kommunen delvis har subsidiert sjølvkostområda. For å finne rom for avbalansering av budsjettreguleringa, finn rådmannen det nødvendig å rette opp denne subsidieringa for åra 2010 til 2012.

Subsidievurderinga er gjort i samråd med Momentum Selvkost AS som kommunen nyttar som konsulent i sjølvkostutrekningane og fastsetting av grunnlaget for avgiftssatsane. Subsidieringa er knytta til internkostnader.

Vurderingane framkjem slik:

Løpade prisar internkostnader

<i>Rekneskap</i>	2013	2012	2011	2010
Vatn	541 350	209 514	350 000	505 000
Avløp	536 739	170 918	165 000	165 000
Slamtømming	908	0	13 000	0
Feiing	277 549	162 013	28 000	13 000
Sum	1 356 546	542 445	556 000	683 000

Faste prisar 2013-nivå etter konsumprisindeks

<i>Rekneskap</i>	2013	2012	2011	2010
Konsumprisindeks	134,2	131,4	130,4	128,8
Vatn	541 350	213 979	360 199	526 172
Avløp	536 739	174 560	169 808	171 918
Slamtømming	908	0	13 379	0
Feiing	277 549	165 465	28 816	13 545
Sum	1 356 546	554 004	572 202	711 635

Forslag til internkostnader for 2010, 2011 og 2012

	2013	2012	2011	2010



Vatn	541 350	541 350	541 350	541 350
Avløp	536 739	536 739	536 739	536 739
Slamtømming	0	-908	12 471	-908
Feiing	277 549	165 465	100 000	100 000
Sum	1 355 638	1 242 646	1 190 560	1 177 181

Subsidiering av sjølvkostområda utfrå forslag til nye internkostnader

	2013	2012	2011	2010	Sum
Vatn	0	327 371	181 151	15 178	523 700
Avløp	0	362 179	366 931	364 821	1 093 931
Slamtømming	-908	-908	-908	-908	-3 632
Feiing	0	0	71 184	86 455	157 639
Sum	-908	688 642	618 357	465 546	1 771 638

Ifølgje revisor er det lovleg å gjere slike justeringar 3 år bakover i tid.

På denne bakgrunn vert det tilrådd å føre denne subsidieringa som inntekt i 2014, og den blir då slik:

<i>Tekst</i>	<i>Budsjettendring</i>	<i>Konto</i>	<i>Ansvar</i>	<i>Funksjon</i>
Bruk av bundne fond (utnulling subsidiering 2010,2011,2012)	-523 700	17900	6560	345
Interne overføringar utgift	523 700	12900	6560	345
Interne overføringar inntekt	-523 700	19500	6560	345
Vatn (utnulling subsidiering)	-523 700			
Bruk av bundne fond (utnulling subsidiering 2010,2011,2012)	-1 093 931	17900	6580	354
Interne overføringar utgift	1 093 931	12900	6580	354
Interne overføringar inntekt	-1 093 931	19500	9050	354
Kloakk (utnulling subsidiering)	-1 093 931			
Bruk av bundne fond (utnulling subsidiering 2010,2011,2012)	-157 639	17900	6191	338
Interne overføringar utgift	157 639	12900	6191	338
Interne overføringar inntekt	-157 639	19500	9050	338
Feiing (utnulling subsidiering)	-157 639			
Sum	-1 775 270			

Kommentar frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS v/Alf Marius Grønnevik, av 02.09.2019

Det går fram av mailen at det skal ligge føre eit kommunestyrevedtak mht. fordelingsnøklar. Ut i frå dokumentasjonen som ligg føre er det vanskelig og vurdere dette, men eit kommunestyrevedtak som bestemmer fordelinga av indirekte kostnader høyrer spesielt ut.

Vidare går det fram av tilbakemeldinga at det har vore ei dobbelbelastning på nokre ansvar i 2018 og som ein må anta har ført til ei dobbelbelastning på sjølvkostområdet.

Kontrollutvalet bør vurdere om ein ønskjer ei meir detaljert orientering frå administrasjonen på korleis feila har rekneskapsmessig blitt retta og i høve kommunestyrevedtaket og fordelinga av dei indirekte kostnadane.

I møtet

Assisterande rådmann Kariann Bigseth, kommunalsjef Kai-Rune Bjørke og einingsleiar sektor for kommunalteknisk drift møtte. Dei orienterte og svara på spørsmål.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
29/19	033	06.09.2019	19.09.2019	KS

KOMMUNALT TILSYN – BEMANNINGSNORM I BARNEHAGEN

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek tilsynsrapporten til vitende.



Vedlegg

1. E-post «Tilsyn ved Gnist barnehage Holstad med tilhøyrande dokument, av 19.08.19
2. Dokument «Hareid kommune svar på spørsmål om banehagelova, av 01.07.19
3. Dokument «andre gongs tilsyn ved Gnist barnehager Holstad, av 26.01.19
4. Dokument «Bemanningsnorm barnehagar per. 1.8.2018 – tolking av lov og forskrift, av 20.02.2019
5. Dokument «saksframlegg», av 16.02.2018
6. E-post, av 06.06.2018
7. Dokument «varsel om tilsyn etter lov om barnehagar § 16,
8. Dokument «saksframlegg», av 16.01.2019
9. Tilsynsrapport – Bemanningsnorm i barnehagen, av 14.02.2018

Saksopplysningar

Fylkesmannen utførte eit andre gongs tilsyn med Gnist barnehagar Holstad 14.02.2018. Temaet for tilsynet var eit lovlegheitstilsyn for å sjå nærare på merknadar gitt i tilsynsrapporten frå tilsyn 13.06.2017.

Målet med tilsyn i barnehagane er å sikre barnehagar med høg kvalitet (jamfør m.a. Læring og omsorg- Kvalitetsplan for god oppvekst i Hareid kommune). Barn skal ha eit jamgodt tilbod uavhengig av om dei går i kommunal eller privat barnehage.

Tilsynet vurderer i denne rapporten om tal årsverk 15.12.2017, 14.02.2018 er tilfredstillande til å få gjennomført dei pedagogiske tiltaka som det er sett krav om i Barnehagelova med merknadar og forskrifter til denne.

Tilsynet har kome med ein merknad:

- Grunnbemanninga i barnehagen 14.02.2018 er så låg at det kan vere til hinder for at nødvendige pedagogiske oppgåver kan gjennomførast til det beste for barna.

Norm for pedagogiske leiarar – tilsynet sin konklusjon (side 12)

Tilsynsnemnda trekk følgjande konklusjon etter gjennomgåing av tilsendt dokumentasjon og intervju:

Dei pedagogiske leiarane og pedagogane har slik tid til for og etterarbeide rundskriv F-04/2011: **4 timar per veke**. I tillegg har dei pedagogiske leiarane **4 timar per veke** avsett til administrasjon, **til saman 8 timar per veke**. Dei pedagogiske leiarane går sjeldan vanlege oppsette vakter, men har oppfølging og rettleiing ved avdelingane. Ved fråvær går også pedagogane inn og støttar/avlaster ved andre avdelingar.

Dei tilsette (her: fagarbeidarar og assistentar) har svært gode rutinar, standardar og planar som dei skal følgje. Etter tilsynsgruppa sitt syn vil det, med færre pedagogar i aktivt arbeid med barna, vere mangel på fagleg og profesjonelt skjønn frå barnehagelærarar. Våre observasjonar tilseie at dei pedagogiske leiarane bruker deler av tida si til andre oppgåver enn barnetid og eller går inn som støtte ved andre avdelingar ved fråvær.

Tilsynsgruppa stiller spørsmål på grunnlag av den tida som pedagogane har til råde som barnetid og den totale bemanninga ved barnehagen, om dei tilsette er gitt rammer som gir mulighet til å gjennomføre alle oppgåvene i samsvar med lovkrav.

Barnehagetilsette skal ta del i leik, nytte sitt profesjonelt faglege blick til observasjon og lytting når barn leiker. Barnehagetilsette skal møte mangfaldet, sårbarheit og styrke, sinne, glede og



fortvilning; sjå det einiskilde barnet som subjekt. Det vert vist til § 3 i barnehagelova om barn sin rett til medverknad. Denne paragrafen tar utgangspunkt i FN sin barnekonvensjon. Frå 2003 gjeld barnekonvensjonen som norsk lov og har slik status at den juridisk står over andre lover om dei står mot kvarandre.

Det som er til uro ved Gnist Holstad sin organisasjonsmodell er:

- Stor barnegrupper; desse kan heile dagar bli leia av ufaglærte, relativt høgt sjukefråvere, pedagogiske leiarar som skulle gå rettleiingsvakter vert sett inn som hjelp ved andre avdelingar, flytting av personale mellom avdelingar ved behov.
- Barn misser 4 pedagogtimar *5årsverk per veke, i tillegg til den tida som fagleiar nyttar til administrative oppgåver. Dette er tid som dei pedagogiske leiarane skulle nytta saman med barna.

Konklusjon pedagogisk bemanning (side 12)

Det har gått lang til å ferdigstille denne rapporten og i denne perioden har det blitt vedteke ny norm for pedagogiske personale gjeldande 01.08.2018, Barnehagelova § 18 med merknadar og forskrift.

Konklusjon: tilsynet vel å gi merknad på norm for pedagogisk bemanning. Hareid kommune vil, for å få klarheit i tolkinga av den nye bemanningsnorma, be fylkesmannen i Møre og Romsdal kjem med nærare klargjering no etter den gjeldande barnehagelova § 18.

Våre observasjonar- konklusjon (side 15)

Gnist barnhager Holstad har rekna gruppa for barn f.2014 som over 3år frå og med 01.08.18 og barn f.2015 vert framleis rekna som under 3 år barnehageåret 2017/2018.

Måten å rekne barn som under og over 3år på er i samsvar med «Forskrift om pedagogisk bemanning i barnehagar».

Møtet slutt.

Berte Holstad Engen
Leiar

Kjartan Grimstad
Nestleiar

Møteprotokoll går til:

Kommunestyret som melding

Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte

Ordførar og rådmann til orientering

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS til orientering